

Meland kommune
Havnevegen 41A
5918 FREKHAUG

Indre Arna den 13.12.2018
DD

Beitingsvegen 185. Gnr. 42, bnr. 62
Fritidsbustad - Søknad om tilknytning til kommunalt vassanlegg m.m.

Vi vise til tidlegare kontakt om saka.

Vi overtok fritidsbustaden den 14.11.2018. Eksisterande vassanlegg på eigedommen er ikkje slik vi ønskjer å ha det. Derfor vil vi svært gjerne knyta oss til det nye vassanlegget som ligg langs Beitingsvegen.

Slik vi forstår det vil tilknytning til kommunalt vassanlegg medføra at vi samstundes må søkja om installering av minireinseanlegg til erstatning for dagens løysing med filtergrøft. Vi har fått tilbod på minireinseanlegg av typen Biovac® FD5N PEH med ein 4 m³ tank i rotasjonsstøyppt polyetylen. Biovac skriv at anlegget kan nyttast ved utslepp av samla avløppsvatn fra heilårs- og fritidsbustader med utslepp til område der det er stilt krav om minimum 90% reduksjon av fosfor og 90 % reduksjon av BOF5. Vi har fått opplyst at leverandøren har lokal serviceavdeling og vil inngå serviceavtale i samsvar med Meland kommune sine krav. Søknadsskjema for søknad om utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn er vedlagt.

Røyrleggjarfirma Anders O. Grevstad AS er ansvarleg føretak.

Vedlagt følgjer kartskisse som viser korleis vassleidningen er tenkt ført fram til det kommunale anlegget og kor reinseanlegget er tenkt plassert. Røyrframlegget til reinseanlegget kan med denne plasseringa få same trase som for det eksisterande filteranlegget og vi unngår å sprengja ny grøft. Vassleidningen skal gå på eigen eigedom heile vegen fram til tilknytingspunktet.

Vi ber om snarleg svar på søknaden.

Med venleg helsing

For Reidun og Dag Dalland



Dag Dalland
(sign.)